

Dato: 09.06.2022
Vår ref.: Grete Marøy Sellevoll

Tilleggsvarsel for utviding av planområde – knytt til kunngjøring av planoppstart for detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing for Skyttarkvia Aust del av gbnr. 22/2, i Sunnfjord kommune

Viser til tidlegare utsendt varselbrev 02.11.2021 om kunngjøring av planoppstart for detaljregulering med konsekvensutgreiing for Skyttarkvia Aust del av gbnr. 22/2. I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vart det varsla om oppstart av detaljreguleringsplan for «Skyttarkvia Aust del av gbnr. 22/2» i Sunnfjord kommune med formål om å legge til rette for bustadar i forlenging av det eksisterande bustadområdet Skyttarkvia i Førde.



Fig.1 - 3D Illustrasjon sett frå søraust. Aktuelt område markert med raud stipla linje. (kjelde: 3d.kommunekart.no)

Utviding av planavgrensing

Så langt i planarbeidet har det blitt gjort ei trafikkvurdering, blitt utarbeidd VAO-rammeplan, prosjektert veg og fortau og gjennomført medverknad saman med Slåtten skule og Foreldreutvalets arbeidsutval (FAU) ved Slåtten. Det har også blitt avholdt arbeidsmøte med Sunnfjord kommune. På bakgrunn av dette har ein i samråd med kommunen kome fram til forslag om å utvide planavgrensinga til å omfatte større erstatningsareal for friområde og utvida areal for å kunne etablere fortau og gjere tiltak av bekkeløp.

Planområdet er i dag regulert til offentlig friområde i reguleringsplan Slåtten Nord, og avsett til friområde i arealdelen til kommuneplanen 2018-2030. Når ein no skal omregulere frå friområde til bustadbygging treng ein eit erstatningsareal for dette. Ein foreslår å utvide til eit større friareal i området nord for Slåtten skule, opp mot foten til ein naturleg langsgående fjellhammar. Dette området er delvis i bruk som natur-leikeplass i dag. Når det gjeld utvidinga

langs Slåttegeila er dette for å få tilstrekkeleg areal til å etablere fortau samt flaumsikringstiltak langs bekkeløpet. I følgje VAO rammeplan som er utarbeidd bør bekken utvidast med eit større tverrsnitt/volum for å ha tilstrekkeleg kapasitet ved flaum. Som eit generelt forbetringstiltak for trafikktryggleiken kan det vere aktuelt å etablere fortau langs Slåttegeila.




Fig. 2 Forslag til planområde

Figuren viser nytt forslag til planområde (utvida planområde i skravur).

Vidare saksangang og medverknad

Det er høve til å kome med innspel/merknadar til tilleggsvarsel for utviding av planområdet. Tilleggsvarsel vert sendt til organisasjonar, offentlege instansar og grunneigarar som vert direkte påverka av utviding av planområdet. Merknadane skal vere knytt konkret til forslag om utviding av planområdet. Det er ikkje nødvendig å gjenta merknader som er sendt inn tidlegare, desse er allereie vurdert og teke med i planvurderingane. Viser til tidlegare utsendt kunngjering av planoppstart for nærmare informasjon om medverknad og vidare saksangang for planarbeidet.

Når det er utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan med plankart og føresegner, vil reguleringsplanen bli lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då igjen vere høve til å komme med innspel og merknader til det konkrete planforslaget.

Frist for innsending av merknader:

Eventuelle innspel til planarbeidet kan sendast på e-post til gms@nordplan.no eller til postadresse

Nordplan AS v/ Grete Marøy Sellevoll
Pb. 685 , 6804 Førde

Frist for innspel: **07.07.2022**

Spørsmål kan rettast til underteikna på telefon eller e-post.

Med helsing
for Nordplan AS v/



Grete Marøy Sellevoll
Sivilarkitekt

Vedlegg:

1. Varslingsliste, datert 09.06.2022.

Vedlegg 1 - Varslingsliste

Dato: 09.06.2022

Varslingsliste organisasjonar og offentlege instansar

Følgjande blir varsla per e-post.

Namn	Postadresse/Avd.	Postnr/Stad	E-post
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	STATENS HUS, NJØSAVEGEN 2	6863 LEIKANGER	sfvlpost@statsforvalteren.no
VESTLAND FYLKESKOMMUNE	POSTBOKS 7900	5020 BERGEN	post@vlfk.no
STATENS VEGVESEN REGION VEST	POSTBOKS 43	6861 LEIKANGER	firmapost-vest@vegvesen.no
NVE REGION VEST	NAUSTDALSVEIEN 1B	6800 FØRDE	rv@nve.no
BKK NETT	FIRDAVEGEN 5	6800 FØRDE	kundepostnett@bkk.no
TELENOR KABELNETT SUNNFJORD	POSTBOKS 7150 EINestØLEN	5020 BERGEN 6800 FØRDE	kabelnett@telenor.com post@sum.sf.no
MILJØVERK SUNNFJORD KOMMUNE	BRANN OG REDNING	6802 FØRDE	bernhard.oberg@sunnfjord.kommune.no
SUNNFJORD KOMMUNE	TEKNISK DRIFT	6802 FØRDE	leif.halvor.karstad@sunnfjord.kommune.no
SUNNFJORD KOMMUNE	SLÅTTEN SKULE	6802 FØRDE	turid.irene.hatlem@sunnfjord.kommune.no

Varslingsliste grunneigarar/naboar

Følgjande blir varsla per post.

Namn	Adresse	Postnummer
Indrebø Gunnar	Slåttegeila 1	6810 Førde
Indrebø Nils	Skyttarkvia 8 B	6810 Førde
Indrebø Ottar	Falkensteinsvegen 30	6809 Førde
Indrebø Randi	Skyttarkvia 8 A	6810 Førde
Aasen Jan Steinar	Slåttegeila 15	6810 Førde
Eikenes Jarle	Slåttegeila 3	6810 Førde
Stadheim Kristine	Slåttegeila 3	6810 Førde
Laukeland Camilla Movik	Slåttegeila 17	6810 Førde
Vallestad Frank Linde	Slåttegeila 17	6810 Førde
Kongsvik Bjarte Roger	Erlevegen 1	6810 Førde
Kongsvik Oddhild Haugen	Erlevegen 1	6810 Førde
Lindseth Ann Kristin V	Erlevegen 2	6810 Førde
Lindseth Thomas C Manzini	Flatene 63 A	6814 Førde
Buanes Reidun	Angedalsvegen 79	6810 Førde
Smørørdal Marit Anne	Slåttegeila 6	6810 Førde
Sørland Robin-Andre	Slåttegeila 6	6810 Førde
Birkeland Jan Roald	Slåttegeila 10	6810 Førde
Fagerstrøm Susan	Slåttegeila 10	6810 Førde
Nedberge Birger Olav	Slåttegeila 12	6810 Førde

NB

Om det er andre personar, naboar, organisasjonar eller informasjon osv. som ikkje er nemnt over, vidaresemd gjerne varselbrev til aktuelle personar eller kontakt planrådsgjevar.